

**Møteinnkalling**

<b>Utval:</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad:</b>	Videomøte
<b>Dato:</b>	23.04.2020
<b>Tid:</b>	16:00 - 18:00

**Fylkesordføreren kallar fylkesutvalet inn til eit informasjonsmøte.**

**Program:**

Kl. 16:00 - Møtestart,  
orienteringar

Info om oppkobling til møte kjem i eigen e-post.

Melding om forfall: alle medlemer vil få tilsendt ein e-post der det vert forklart korleis forfall kan registrerast.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fylkesutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.



fylkesordførar

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 9/20	<b>Godkjenningssaker</b> Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
	<b>Orienteringar</b>		
RS 29/20	<b>Referatsaker</b> Konsekvensar av korona og oljeprisfall for næringslivet i Vestland	2020/36319	
RS 30/20	Fylkesvegnettet mogelege tiltak tiltakspakke	2020/36319	

## **Godkjenningssaker**

**GK 9/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

## **Orienteringar**

## **Referatsaker**

**RS 29/20 Konsekvensar av korona og oljeprisfall for næringslivet i Vestland**

# Covid-19 og oljeprisfallet

## - Felles kunnskapsgrunnlag v.4.0

Korleis blir næringslivet i Vestland påverka?

Sist oppdatert: 21. april 2020

Regional analysegruppe 2020



BERGEN  
KOMMUNE



NHO

Vestlandet



LO Vestland



BERGEN  
NÆRINGSRÅD  
Bergen Chamber of  
Commerce and Industry



# Regional analysegruppe 2020



Ønsker du å få tilsendt nye versjonar av datagrunnlaget når dei er klare? Send epost til [lasse.hansen@vlfk.no](mailto:lasse.hansen@vlfk.no).

## BAKGRUNN

På initiativ frå Næringsforum Vestland er det oppretta ei ad hoc analysegruppe som har som formål å kartlegge og gjere tilgjengeleg statistikk og analysar knytt til den pågåande covid-19-epidemien og oljeprisfallet og kva påverknad dette har på næringslivet i Vestland.

Grappa skal fungere som eit møtepunkt for å diskutere problemstillingar knytt til datainnhenting og eventuelle høl i kunnskapen, deling av relevant informasjon og utviklinga av ei felles forståing av situasjonen næringslivet i fylket står ovanfor, både på kort og lang sikt.

Grappa vil kvar veke publisere eit kunnskapsgrunnlag med oppdaterte data.

Spørsmål eller innspel: [lasse.hansen@vlfk.no](mailto:lasse.hansen@vlfk.no), 99 22 84 58.

## Følgjande organisasjonar deltek i analysegruppa:

Vestland fylkeskommune (prosjektleiing)

Bergen kommune

NAV Vestland

Innovasjon Norge Vestland

NHO Vestlandet

LO Vestland

KS Vest-Norge


Bergen næringsråd

Sogn og Fjordane næringsråd


# Rekorddrask auke i arbeidslause, truleg høgast nokon sinne...

- Per 21.4.2020 var 14,5 % av arbeidsstyrken i Vestland arbeidsledig. Det er ein nedgang på 0,1 prosentpoeng frå påskeveka.
  - Auken i delvis ledige frå veke 13 til 14 skuldast primært at mange permitterte har levert meldekort, og dersom dei har noko aktivitet på kortet blir dei klassifiserte som delvis ledige.*
- Klart flest permitterte innan varehandel, overnatting og servering og private tenester elles (mellom anna frisørar). I løpet av veke 11-16 blei 57 % av alle lønnstakarar innan overnatting og servering i Vestland permitterte.
- Auken i tal permitterte frå veke 15 til 16 er lågare enn tidlegare veker. Auken er størst i varehandel og industri.

Utvikling i arbeidsledige i Vestland (kjelde: NAV Vestland)



Permitterte akumulert veke 11-16 i Vestland etter næring




Kjelde: NAV Vestland

# Store delar av næringslivet hardt råka


- Spørjeundersøkingar frå hovudorganisasjonane og næringsråda viser at næringslivet er hardt råka av koronapandemien og/eller oljeprisfallet.
- 71 % av verksemdene i Vestland som svara på NHOs medlemsundersøking i veke 16, har hatt lågare omsetnad veke 12-16 enn i fjor og 1 av 3 har omsetnadssvikt på meir enn 50 %
- Mange har alt permittert tilsette, og for enda fleire er det aktuelt å permittere innan kort tid.
- Effekten av korona har vore relativt stabil dei siste vekene, trass alle tiltak. Det blir viktig å følgje dette i vekene som kjem etterkvart som delar av samfunnet gradvis blir gjenopna.

Kjelde: Medlemsundersøkingar frå næringsråda i Vestland (skala 1-6), NHO Vestlandet (tal for Vestland, skala Ja/Nei) og Virke (tal for Vestland, skala Stor økning-Stengt)


## Kor råka er verksemdene i Vestland av korona?




## Permitteringar og fare for permitteringar



### Kor utfordrande er følgjande forhold for bedrifta (1=ikkje utfordrande, 6=svært utfordrande)



### Trengst det andre tiltak frå styresmaktene for å unngå permitteringar, oppseiingar, konkurs og liknande?



## Over 6 000 kan miste jobben innan maritim- og offshorenæringa på Vestlandet

- Samstundes som koronapandemien har stengt ned store delar av verdsøkonomien, er oljeprisen halvert sidan januar og tilbake på nivået frå oljenedturen i 2015-16. Olje- og gasssektoren, og spesielt leverandørindustrien, slit enno med konsekvensane av førre krise og tal frå næringsråda si medlemsundersøking i veke 15 syner at den triple effekten av koronanedstenginga, oljeprisfallet og låg kronekurs rammar næringane som er mest avhengig av olje og gass hardest.
- Mange større og mindre aktørar, mellom anna Aker Solutions, Beerengberg, Bergen Engines, Oceaneering og Veltec, har varsla eller gjennomført permitteringar av alle eller store delar av sine tilsette i fylket.
- Rederiforbundet si medlemsundersøking frå veke 16 viser at halvparten av reiarlag høyrande til i Vestland innan short sea (nærskipsfart)-segmentet og 40 % innan offshore service, seier det kan bli naudsynt å permittere tilsette innan 14 dagar. Nasjonale tal frå undersøkinga i veke 16 syner at omsetnaden er ned nesten 25 % og at estimata for skip i opplag ved årsslutt 2020 er tredobla.
- Menon Economics har berekna at mellom 2 500 og 6 500 sysselsette innan maritim og offshorenæringa i Vestland vil miste jobben som følgje av korona- og oljekrisa, alt etter kor langvarig krise blir. Oljeselskapa har alt redusert framtidige investeringsbudsjett kraftig, noko som vil forlenge krise for denne næringa.

Kjelde: Medlemsundersøkingar frå næringsråda i Vestland veke 15 (figurane), NHO veke 16 (tal for Vestland), og Rederiforbundet veke 16 (nasjonale- og Vestland-tal), samt rapporten «Regional effekt av korona for norsk eksportrettet næringsliv», Menon Economics. «Særs avhengig av olje- og gassbransjen» er dei som svarer 4-6, medan «Mindre/ikke avhengig av olje- og gassbransjer» er dei som svarer 1-3.



Sist oppdatert: 21. april 2020



# Store delar av fylket er sårbare for langvarig krise

- Per no har det ikkje kome mange oppseiingar, mellom anna grunna tiltak som reduserer terskelen og den økonomiske byrda ved permitteringar.
- Dersom krisa held fram vil truleg fleire verksemdar måtte vurdere å seie opp tilsette. I NHO si medlemsundersøking i veke 16 svarar 14 % at dei har planar om oppseiingar som følgje av koronaviruset.
- Menon si analyse av det eksportretta næringslivet viser at oppseiingar i all hovudsak vil kome i maritim- og offshore leverandørindustri og reiselivsnæringa.
- Menon Economics skriv om **reiselivsnæringa**: «Våre analyser peker på at det i 2020 vil være reiselivseksporten som blir hardt rammet av koronarestriksjoner.»
- Om **maritim- og offshore leverandørindustri** skriv dei: «Etter hvert som koronarestriksjoner lempes er det maritim- og offshore leverandørindustri som særlig kan oppleve store omsetningsfall. Dette skjer som en konsekvens av både lavere global vekst og lave oljepriser.»
- Fleire av kommunane i Vestland har blant landets høgaste del sysselsette anten innan reiseliv eller leverandørindustrien.

Kjelde: Rapporten «Regional effekt av korona for norsk eksportrettet næringsliv», Menon Economics (figurar) og NHOs medlemsundersøking veke 16 (tal for Vestland).




\* Sysselsetting gjelder både de som jobber i innenlandsk og eksportrettet del av næringslivet. Vi har ekskludert kommuner som har mindre enn 1 500 ansatte i privat næringsliv.


## Vegen vidare: Vestlandet vil bli hardest råka, både på kort og lang sikt

- **Rapport nr. 1: effekter på nasjonalt nivå (23. mars)**
- «I 2020 vil krisen trolig ramme **reiselivsnæringen** hardest, men dette er også næringen som vil trolig komme seg igjen raskest. **Prosessindustri og sjømat** vil også merke inntektsfall, men står finansielt relativt godt rustet til å håndtere tilbakeslaget. (...) Krisen vil være dypere og langvarig for **offshore leverandørindustri og deler av maritim næring.**»
- **Rapport nr. 2: regionale effekter (31. mars)**
- «I alle tre scenarioer er det **Vestlandet som blir hardest rammet av krisen.** Regionen utmerker seg med høy eksportintensitet, og når utenlandske markeder svinner, rammer det regionen hardt.»
- Heile **40 prosent** av dei 55 000 sysselsatte som Menon i det mest negative scenarioet bereknar kan bli oppsagde i dei fire eksportnæringane i 2020, er i **fylka Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal.**
  - I det mest negative scenarioet bereknar Menon at om lag 4,5 prosent av alle tilsette i næringslivet vil bli sagt opp i Rogaland i 2020, mens tilsvarende tal for Møre og Romsdal og Vestland er på høvesvis nær 4 og 3,5 prosent.
- «**Vestlandet er også den landsdelen som rammes hardest på lengre sikt.** Bakgrunnen for dette er at landsdelen huser en stor andel av næringen offshore og maritim. Som følge av betydelig lavere oljepris vil særlig den oljerettede delen av næringen oppleve betydelige utfordringer. **Som følge av stor gjeld og lave inntekter i næringen allerede før krisen inntraff, er det grunn til å vente flere konkurser i næringen fremover.**»

Antall oppsagte i de fire næringene i 2020



Oppsagte som andel av sysselsatte i næringslivet i 2020



Tal for næringane **maritim og offshore leverandørindustri, sjømat, prosessindustri og reiseliv.** Scenario 1 er ei relativ kortvarig krise fram til sumaren 2020, i scenario 2 varer krisa lengre, men produksjonen tek seg opp hausten 2020, og i scenario 3 er ei langvarig krise med påfølgjande proteksjonisme og markant nedgang i global handel og vekst.

Kjelde: Rapportane «Effekt av korona på norsk eksportrettet næringsliv» og «Regional effekt av korona for norsk eksportrettet næringsliv», Menon Economics.

# Detaljerte data



# Breitt fall i forbruket og større BNP-nedgang enn under finanskrisa

- Tal frå DNB syner at forbruket til kundane fell med 30 % i veke 12, målt mot same veke 2019, og har heldt seg 20-25 % lågare samanlikna med 2019 også vidare (med unntak av rett før påske).
- Størst er fallet for reiselivsbransjen, som i veke 15 hadde ein nedgang på 91 %, medan restaurantbransjen er ned 70 %!
- Tal frå BankAsept viser at kjøp av tenester i snitt var 80 % lågare enn venta i perioden 13.-31. mars.
  - Regjeringas ekspertutval skriv at ved eit 10 % omsetnadsfall vil sjølv dei mest lønnsame innan tenestenæringane ikkje få dekkja kostnadane.
- Regjeringas ekspertutval har berekna at dei innførte smitteverntiltaka har gitt ein nedgang i BNP for fastlands-Noreg på knappe 9 % og kostar 24 milliardar kroner i månaden.
- Den internasjonale pengefondet (IMF) spår at BNP i Noreg vil gå ned med 6,3 % i 2020, og at arbeidsløysa vil stige til 13 % før den fell til 7 % i 2021.
- Til samanlikning fall Noregs BNP med 1,7 % under finanskrisa i 2009.

Kjelder: sjå figurforklaringa, i tillegg «Samfunnsøkonomisk vurdering av smitteverntiltak – covid-19», rapport frå ekspertgruppe på oppdrag for Helsedirektoratet datert 9.4.2020

Annex Table 1.1.1. European Economies: Real GDP, Consumer Prices, Current Account Balance, and Unemployment  
(Annual percent change, unless noted otherwise)


	Real GDP			Consumer Prices <sup>1</sup>			Current Account Balance <sup>2</sup>			Unemployment <sup>3</sup>		
	2019	Projections		2019	Projections		2019	Projections		2019	Projections	
		2020	2021		2020	2021		2020	2021		2020	2021
Europe	1.6	-6.6	4.5	3.0	2.0	2.4	2.3	1.6	1.8	...	...	...
Advanced Europe	1.3	-7.3	4.7	1.3	0.5	1.1	2.5	2.0	2.2	6.6	9.2	7.9
Euro Area <sup>4,5</sup>	1.2	-7.5	4.7	1.2	0.2	1.0	2.7	2.6	2.7	7.6	10.4	8.9
Norway	1.2	-6.3	2.9	2.2	2.4	2.2	4.0	-1.3	0.1	3.7	13.0	7.0

Kjelde topp: «World Economic Outlook, April 2020», IMF 14.2.2020.

Kjelde botn: «Koronaeffekten. Slik påvirker krisen arbeids- og næringslivet», oversikt hos Dagens Næringsliv. Tilgj. frå <https://tinyurl.com/y8duc5qv> [besøkt 21.4.2020]

## Koronakrisens påvirkning på forbruk

Tall DNB har hentet ut for DN viser hvordan koronakrisen har slått ut svært forskjellig på kortbruken i ulike bransjer. Grafen viser omsetning i forhold til tilsvarende uke og ukedag i 2019. Uken da skolene stengte er uthevet, samt påskeuken, fra mandag.




Tallene viser omsetning på DNBs betalingskort sammenlignet med samme tilsvarende ukedager, samme uke i 2019 (glidende gjennomsnitt over 7 dager). Dagligvarebransjen er opp, men utelatt for å ikke avsløre tallene til dominerende enkeltaktører.

Grafikk: Jonas Bakken • Kilde: DNB

## Lågare etterspørsel, leveringsproblem, permitteringar og likviditetsproblem held fram

- 83 % av respondentane i NHOs medlemsundersøking i veke 16 seier dei har merka lågare etterspørsel.
- 2 av 3 har fått varsel om forseinkingar eller kanselleringar frå leverandørar.
- Godt over halvparten har sjølv problem med å levere varer og tenester.
- Nesten 3 av 5 har gjennomført permitteringar.
- Meir enn 1 av 4 har likviditetsproblem på kort sikt.
- Tala har vore veldig stabile den siste månaden.


### NHOs medlemsundersøking i Vestland



## Smitteverntiltak råkar drift og produksjon i eit fleirtal av verksemdene


- I NHOs medlemsundersøking for veke 14 svarar rundt halvparten av respondentane i Vestland at drift og produksjon i nokon eller stor grad er påverka av pålagt stenging, stenging av barnehagar og småskule, samt karantene etter reise og andre reiserestriksjonar.
- Om lag 2 av 5 er påverka i nokon eller stor grad av internasjonale reiseråd og forbod mot ulike arrangement, medan nesten 1 av 3 er tilsvarande påverka av lokale karantene- og innreisereglar.
- Nær 4 av 5 respondentar i næringsråda si medlemsundersøking har avgrensa eller innstilt møteverksemd og nær 2 av 3 har innført reiserestriksjonar.

### Del som svarar at drift og produksjon i deira bedrift er påverka i nokon eller stor grad av smitteverntiltak




Kjelde topp: Medlemsundersøking frå NHO veke 14 (tal for Vestland)  
Kjelde botn: Medlemsundersøking frå næringsråda i Vestland veke 15

### Kva tiltak elles har bedrifta sett i gang som følgje av koronaviruset?



## I hvor stor grad påvirker koronaviruset inntektene til din bedrift? (1=lite, 6=mye)


Sist oppdatert: 15. april 2020



# Alle er råka, men ikkje alle likt

- Reiseliv, hotell og restaurant og Kultur klart mest råka, få næringar kjenner liten effekt.
- Frå undersøkinga i veke 12 til undersøkinga i veke 15 er det få endringar av signifikant storleik.
  - Likevel verdt å merke seg at for bransjen energi, utan om olje og gass, har snittet gått frå 2,7 til 3,8. Det er få verksemder i denne bransjen i undersøkinga, men det kan vere en indikasjon på at situasjonen har forverra seg. Kraftbransjen er mellom anna treft av både generelle smitteverntiltak, behov for å sikre samfunnskritisk infrastruktur og låge stråumprisar.
- Koronakrisen er mest utfordrande for Reiseliv, hotell og restaurant og Kultur, medan oljeprisfallet særleg råkar bransjane Energi og Maritim. Låg kronekurs er mest utfordrande for Varehandel/detalj/engros, truleg som følgje av høgare priser på importerte varer.


## Hvor utfordrende er følgende forhold for din bedrift (1=ikke utfordrende, 6=svært utfordrende)



Kjelde: Medlemsundersøking frå næringsråda i Vestland, veke 15


## Har din bedrift gjennomført permitteringer (helt og/eller delvis) som følge av problemer knyttet til koronaviruset?

Sist oppdatert: 21. april 2020



Kjelde topp: Kjelde: Medlemsundersøking frå NHO Vestlandet, veke 16  
Kjelde botn: NAV Vestland

## Tal permitterte og tal verksemdar som har permittert veke 11-16 i Vestland på utvalde næringskodar



## Reiselivsregionar hardt råka

- Tal frå NHOs medlemsundersøking fordelt på regionar i Vestland viser at delen respondentar som har permittert tilsette varierer.
- Sjølv om alle deler av fylket er råka viser tala at regionar med høg del tilsette innan reiseliv har ein høgare del verksemdar som har permittert, slik som Voss, Hardanger og Indre Sogn.
- Dette finn vi også i permitteringstala frå NAV: 57 % av lønstakarar innan overnatting og servering er permitterte ved utgangen av mars, klart flest av alle bransjar.
- Menon Economics har rekna seg fram til at det var opptil 40 000 sysselsette i reiselivsnæringa i Vestland i 2018.
- Visit Bergen fryktar at ein kansellert cruisesesong kan gi tapte inntekter på opp mot 750 millionar kroner for næringslivet i byen.

Kjelde: «Reiselivets verdi – Vest i Øst 2020», presentasjon på Vest i Øst 7.1.2020 av Erik W. Jakobsen, Menon Economics. Tilgjengeleg frå <https://tinyurl.com/t9qkyva> [besøkt 31.3.2020] og «Hele cruisesesongen i fare for å bli avblåst. Kan gi tap på nær 750 millionar kroner i Bergen.», artikkel i Bergens Tidende frå 13.4.2020. Tilgj. frå <https://tinyurl.com/w9m8h24> [besøkt 14.4.2020].

Merk: det er ikkje mogleg å berre trekke ut tal for permitterte innan reiseliv- og opplevingsnæringa i NAVs tal. Om lag 1/3 av registrerte tilsette innan landtransport er knytt til gods og ½ innan sjøtransport er knytt til gods eller offshore. Rutegående transport, som TIDE og Fjord1 er også inkl. i tala.



## Store skilnader mellom kommunane


- Bergensområdet, Voss, nordlege delar av Hardanger og Aurland, Stryn, Hyllestad og delar av Sunnhordland har høgast arbeidslause. Merk at i små kommunar vil få nye frå eller til kunne gjere store utslag i prosent.
  - *Til dømes har talet heilt ledige i Hyllestad auka frå 7,9 % av arbeidsstyrken 24. mars til 17,1 % 21. april etter at Havyard måtte permittere. Sidan 11. mars har arbeidsløysa i kommunen auka med 1 000 %.*
- Høgst bruttoarbeidslause i Vestland per 21. april finn vi i Aurland, kor 21,6 % av arbeidsstyrken er ledig.
  - *Kommunen har fylkets høgaste del permitterte innan Overnatting- og serveringsverksemd, Industri, Transport og lagring og Forretningsmessig tenesteyting.*

## Utvikling i bruttoledighet i kommunane i Vestland, mars-april 2020


Bruttledighet ved utgangen av februar 2020



Bruttledighet ved utgangen av mars 2020




Bruttledighet 21. april 2020



% bruttoledighet i valgt periode




# 1 av 4 permitterer storparten eller heile arbeidsstyrken



- Nesten 3 av 5 av bedriftene har gjennomført permitteringer.
- Små verksemder (0-9 årsverk) permitterer i større grad enn større verksemder (høvesvis 65 % og 53 % har permittert) og dei små permitterer i større grad ein stor del eller heile arbeidsstyrken.
- Av desse har meir enn 1 av 4 permittert store delar av eller heile arbeidsstyrken.
- Både delen som permitterer og kor stor del som permitterast har vore relativt stabil de siste vekene. Skilnadar er stort sett for små til å leggjast særleg vekt på.

## Fare for konkurs blant medlemmane i næringsråda i Vestland etter bransje, veke 15

Sist oppdatert: 20. april 2020




# Konkursfrykta aukar og 1 av 3 har likviditetsproblem

- Reiseliv, hotell og restaurantar har flest verksemder i umiddelbar og nær fare for konkurs. 58 % står anten i fare for konkurs eller fryktar det om situasjonen held fram.
  - *Men i nesten alle bransjar fryktar rundt 1 av 5 eller meir konkurs no eller om situasjonen held fram.*
- 28 % av NHO-medlemmane i Vestland har likviditetsproblem og 22 % meldar om reell konkurrisiko
  - *Likviditetsproblem er også ei stor bekymring blant oppstartsselskap og SMB-verksemder Connect Vest har vore i kontakt med. Inntektsgrunnlaget har blitt kraftig redusert, det er vanskeleg å få inn frisk kapital og støtteordningane er uoversiktlege*
- Tal for Vestland frå Virkes medlemsundersøking syner at 18 % av deira medlemmer maks kan halde fram i 4 veker slik situasjonen er no.
  - *Ytterlegare 1 av 4 kan helde ut 1-3 månadar.*


Kjelde: Medlemsundersøkingar frå næringsråda i Vestland veke 15 (figur), NHO Vestlandet veke 16 (tal for Vestland) og Virke veke 14 (tal for Vestland), samt undersøkingar frå Connect Vest til gründerselskap og SMB veke 12

# Meir enn dobling i tal konkursopningar

- I perioden 1. mars til 15. april 2020 var det 53 konkursopningar i Vestland, mot 23 i same periode i 2019
  - *Mange med få eller ingen tilsette, men til saman registrert med 250 tilsette førre rekneskapsår.*
- Særleg konkursen i mote- og konfeksjonsbedrifta Ricco Vero, med base i Stryn og 11 butikkar rundt om i landet, har drege opp talet tilsette som er råka av konkursar den siste tida.
  - *Konkursboet er kjøpt av mellom anna tidligare eigar, men det er uklart kor mange av butikkane og dei tilsette som held fram.*
- Flest konkursar innan detaljhandel, bygg og anlegg, og serveringsverksemd, men relativt spreidd over fleire næringer.
- Det vil vere viktig å følgje utviklinga i konkursopningar i tida som kjem, då det kan ventast at det tek litt tid frå krisa inntreff til situasjonen er så prekær at konkurs er einaste utveg.



Hvor viktig er følgende vedtatte tiltak for å redusere de negative konsekvensene for din bedrift (gj. snitt., 1 = lite, 6 = avgjørende)



Sist oppdatert: 20. april 2020

## 2 av 3 verksemder treng ytterlegare tiltak for å unngå kritiske konsekvensar


- Tidleg i krisa (veke 12) var det spesielt tiltak knytt til å redusere arbeidsgivers byrde ved permitteringar og sjukemeldingar som var viktige. Tiltak for å betre likviditeten var også naudsynte straks. Fire veker ut i krisa er det framleis dei same tiltaka som er viktigast.
  - *Merk at det blei spurde om fleire tiltak i veke 15 enn i veke 12.*
- Samstundes svarer 2 av 3 i næringsråda si undersøking i veke 15 at det trengs ytterlegare tiltak frå myndigheitene for unngå permitteringar, oppseiingar, konkursar og liknande.
- Mange verksemder rapporterer også at det kan vere vanskeleg å få oversikt over tilgjengelege støtteordningar og finne ut om dei er relevante for deira verksemd. Rettleiing i krisehandtering og støtte for å nytte uverksam kompetanse i verksemda er også ønska.

# Kommunale og fylkeskommunale tiltak komplementerer statlige tiltak


- Sett opp mot dei statlege tiltaka er både kommunale- og fylkeskommunale tiltak ikkje like viktige for verksemdene.
- Tiltaka kan likevel ha ein funksjon i eit større bilete, for å leggje til rette for næringsverksemd og bidra med målretta tiltak der kor dei statlege ikkje treff.
- Dette ser vi mellom anna ved at mellom 15 og 27 % svarar 5 eller 6 på dei fleste av tiltaka.

Kjelde: Medlemsundersøking frå næringsråda i Vestland, veke 15

Hvor viktige er følgende tiltak fra Vestland fylke for at din bedrift skal unngå kritiske konsekvenser? (gj. snitt., 1 = lite, 6 = avgjørende)



Hvor viktige er følgende tiltak fra Bergen kommune for at din bedrift skal unngå kritiske konsekvenser? (gj. snitt., 1 = lite, 6 = avgjørende)



# Sosial ulikskap mellom dei som blir råka


- Nasjonale tal basert på dagpengesøknadar frå 1.-22. mars viser at delen permitterte blant dei med lågare utdanningsnivå er nær dobbelt så høg som blant dei med høgare utdanning.
- Delen permitterte er også høgare blant dei med lågast inntekt, og blant menn er delen permitterte lågare jo høgare inntekta er. Bilete er litt meir samansett blant kvinner, men også her er det blant dei med lågast inntekt størst del er permittert.
- Tal frå NAV Vestland viser at ved utgangen av mars var det flest arbeidsledige innan butikk- og salsarbeid (5 672), reiseliv og transport (5 550) og serviceyrke (4 218). Dette er næringar som tradisjonelt har hatt låg snittinntekt og høg kvinnedel.

Kjelde: «Hvem tar støyten? Arbeidsmarkedet under Korona-krisen», studie frå Frischsenteret, SSB og NAV, publisert 27. mars 2020. Tilgjengeleg frå <https://www.frisch.uio.no/om-oss/Nyheter/pdf/rapportdagpengesoknader.pdf> [besøkt 5. april 2020] og NAV Vestland.


## Dagpengesøkere etter utdanningsnivå og kjønn

Antall personer og prosent av gruppe

ANTALL



PROSENT




Kilde: Nasjonal Utdanningsbase, pr.1.10.2108


## Dagpengesøkere etter inntektsrang og kjønn

Antall personer og prosent av gruppe

Antall



Prosent



■ Menn ■ Kvinner

Egen inntektsplassing, 1 = lavest, 10 = høyest

Note: Basert på samlet arbeidsinntekt alle år til og med 2017; rang er innen kjønn og fødselskohort.

# Det var alt for denne veka!°

Spørsmål, ris eller ros kan rettast til:

Lasse Kolbjørn Anke Hansen (prosjektleder)

Vestland fylkeskommune

Epost: [lasse.hansen@vlfk.no](mailto:lasse.hansen@vlfk.no)

Telefon: 99 22 84 58



## Notat

Dato: 17.04.2020

Arkivsak:

Saksbehandler: Kari Beate O. Rong

---

**Til:** Fylkesrådmannen

---

**Frå:** Fylkesdirektør for infrastruktur og veg**Fylkesvegnettet – moglege tiltak i ei eventuell tiltakspakke til Vestland fylkeskommune**

Innanfor vegområdet er det eit stort behov for midlar. Etterslepet innan drift og vedlikehald vil mest sannsynleg auke ut i frå dei løyvingane som det er lagt opp til i økonomiplanen. For Vestland fylkeskommune er etterslepet i storleiken 11-12 mrd. kr. Desse tala er nokre år gamle og det er ikkje føreteke nye berekingar etter dette. Ut frå tidlegare års løyvingar må vi ta høgde for at etterslepet har auka ytterlegare. Budsjettet innan vedlikehald er svært knapt og det er pr i dag ikkje rom for å gjere meir enn heilt nødvendige tiltak utover bindingane.

Avdelinga kan raskt ta imot midlar gjennom ei tiltakspakke. Tiltak kan setjast i verk både på kort og lang sikt. Sjølv om ein del prosjekt som vi får innspel om har vedtekne reguleringsplanar, må dei prosjekterast før dei kan lysast ut, og det kan difor ta litt lengre tid før dei kan verte realiserte. I tillegg må tilhøva til grunneigarar vere avklarte før arbeid kan setjast i gang. Slike prosjekt er difor ikkje med på oversikta i denne omgangen.

I samband med oppsetting av aktuelle tiltak er det sett på føresetnader og avgrensingar. Prosjekt i bompengepakker og større strekningsvise prosjekt er haldne utanfor vurderinga i høve til ei tiltakspakke. Tiltak som på sikt kan setjast i verk, er meir aktuelle i budsjettsamanheng.

Tiltaka står ikkje i prioritert rekkefølge, men er sorterte inn i høve til kva som kan vere aktuelt å ta inn i ei tiltakspakke, samt kva type tiltak det er. Prosjekta/tiltaka er teke ut i høve til følgjande kriteria;

- om tiltaka kan gjennomførast relativt raskt og gje rask sysselsetting
- at det ikkje er bindingar inn i 2021-budsjettet
- at prioriterte tiltak ikkje kjem i konflikt med vedtak
- at tiltaka gir effekt og måloppnåing

*Drift og vedlikehald*

Det er mogleg å auke omfanget av dekkelegging/oppmerking og forarbeid i gjeldande kontrakt med inntil 20 mill.kr. Det er også mogleg å auke aktiviteten utover dette, men det føreset at vi får tilsegn om midlar i god tid før sommaren, da det må lysast ut i ny kontrakt.

Innanfor dagens rekkverkskontrakt er det mogleg å utføre om lag 6-7 mill. kr ekstra. I tillegg er det mogleg å ta noko over driftskontraktene.

Type tiltak	Område/veg	Sum
Rekkverk	heile fylke	12 000 000
Fjellsikring	heile fylke	6 000 000
El vedlikehald	heile fylke	2 000 000
Dekkelegging/oppmerking og forarbeid	Vestland (tillegg på eksisterande avtale)	20 000 000

	Vestland (ny kontrakt må etablerast)	80 000 000
Diverse vedlikeholdstiltak som grøfting, stikkrenner, kantar, murer, sikring, dekkelapping, rekkverk, skoging, kummer, forarbeid dekke m.m.	heile fylke	23 350 000
<b>Sum</b>		<b>143 350 000</b>

### Investering

Tiltaka i tabellen under er mogeleg å starte på raskt. Summane som er sett opp er det som vi reknar med at det er mogeleg å omsetje for i 2020. Det fyrste tiltaket er sett opp i økonomiplanen 2020-2023 og vil bli ei framskunding av tiltaket.

Type tiltak	Område/veg	Sum
Mindre utbetringar	Fv.79 Øystese – Ålvik -Granvin (punktutbetring)	15 000 000
	Fv. 5724 Oldedalen (punktutbetring)	2 900 000
	Fv. 5725 Utvik - Tistam, Stryn kommune	2 000 000
	Kalvåg-Klubben	1 210 000
	Fv. 5723 Lodalen, Stryn kommune	2 785 000
Kollektiv	Stord og Sveio kommune	3 800 000
Ts	Fv.551 Aga - Kråkevik	12 000 000
	Vegljos i Fitjar og Sveio kommune	7 500 000
<b>Sum</b>		<b>47 195 000</b>

### Skredsikring

Type tiltak	Område/veg	Sum
Rassikring	Fv. 60 Visnes-Stavenes	3 000 000
	Mindre skredsikringstiltak i Sogn	29 000 000
<b>Sum</b>		<b>32 000 000</b>

Det er mogeleg å utføre meir på igangsette tiltak innan skredsikringstiltak i Sogn ved å lyse ut ei kontrakt til.

Ei tilslutning om auke i midlar vil bidra til auka aktivitet og ei langsiktig forutsigleghet for entreprenørar som kan vere aktuelle aktørar i ei eventuell konkurranse.